


REGIONALNYTT 5/2025

[View this email in your browser](#)Kommunal- og
distriktsdepartementet

Regionalnytt

Nyheitsbrev om regional- og distriktpolitikken



Distrikts- og regionalpolitikk i 2026-budsjettet

15. oktober la regjeringa Støre fram sitt forslag til statbudsjett. Les meir om regjeringa sitt forslag til nytt budsjett på Kommunal- og distriktsdepartementet sitt område:

[Samleside om statsbudsjettet](#)[Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjettforslag](#)[Førebelse rammer for distrikts- og regionalpolitikken 2026](#)[Fylkesoversikt for statsbudsjettet](#)

[Betre for barnefamiljar i innsatssona](#)

Barnefamiljar i Nord-Troms og Finnmark vil spare om lag 50 000 kroner meir på lågare skatt og billigare studielån neste år dersom forslaget til statsbudsjett får fleirtal i Stortinget.

I forslaget for 2026 føreslår regjeringa å styrkje innsatssona på to måtar: Å auke finnmarksfrådraget med 50 prosent, frå 30 000 til 45 000 kroner, og ved å doble satsen for sletting av utdanningslån til 60 000 kroner. I tillegg fører regjeringa vidare tillegget i barnetrygda på 6000 kroner i året.

[Styrkt innsats for nordområda](#)

Som oppfølging av den nyleg framlagde nordområdestrategien, styrker regjeringa innsatsen i Nord-Noreg. Dette skjer gjennom ei satsing på kunnskap, beredskap og tryggleik, ringverknader av forsvarssatsinga og det å støtte opp om gode og livskraftige lokalsamfunn i nord.

25 millionar kroner til The Whale i Andøy kommune

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2026 å løyve 25 millionar kroner til museums- og opplevingssenteret The Whale.

Stortinget har løyva 20 millionar kroner til The Whale i 2024 og 30 millionar kroner i 2025. Regjeringa foreslår no ei løyving på 25 millioner kroner. Det utgjør til saman ei løyving på 75 millionar kroner frå staten. Tilskotet til The Whale er ei øyremerka tilleggsløyving til Andøy kommune, gjennom Andøyfondet.

Kommunesektoren får 4,2 milliardar kroner meir neste år

Regjeringa foreslår ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på 4,2 milliardar kroner neste år. Medrekna dei 1,6 milliardane som kom i revidert nasjonalbudsjett og som blir vidareført til 2026, får kommunane og fylkeskommunane ein høgare vekst i 2026 enn varsla i kommuneproposisjonen.

Nytt frå Distriktssenteret

Eigen bustad - ei viktig brikke for trivsel og busetjing

Korleis kan distriktskommunar gjere det lettare for innvandrarar å realisere draumen om eigen bustad – og samtidig bidra til å styrke lokalsamfunnet? Dette finn du meir om hos Distriktssenteret.

Du kan også lese om [bustadutvikling i Ål kommune](#) som har gått frå tradisjonelle arbeidsformer og løysingar til samskaping og nye buformer.

[Her finn du opptak av flere av webinarar og arrangementa til Distriktssenteret.](#)

Kva skjer?

Bylivkonferansen 2025

3. november klokka 9.00 til 4. november klokka 16.00, Hamar, arrangør: Bylivsenteret til Norske arkitekters landsforbund i samarbeid med Distriktssenteret, Senter for et aldersvennlig Norge, Hamar kommune og Innlandet fylkeskommune.

Bylivkonferansen 2025 handler om helsefremmende og aldersvennlige steder. Målet med konferansen er å dele erfaringer og gode eksempler på helsefremmende og aldersvennlig stedsutvikling. Program [her](#), påmelding [her](#).

The times they are a-changing - Europeiske og nordiske regioner foran nye utfordringer

28. november klokka 10.00 til 15.00, Oslo, arrangør: Kommunal- og distriktdepartementet i samarbeid med Innland fylkeskommune og Universitetet i Innlandet

Politiske, sosiale, økonomiske og teknologiske endringer har ulike geografiske og regionale konsekvenser. Seminaret vil handle om hvordan lokalsamfunn og regioner kan tilpasse seg pågående endringer og aktivt forme sin egen utvikling. Seminaret vil også ha et blick mot den pågående debatten om EUs neste programperiode. Påmelding [her](#).

Vi gir ut fleire nyheitsbrev! I [Plannytt](#) kan du lese om planlegging etter plan- og bygningslova, kart og geodata, tinglysing, matrikkel og by- og stadsutvikling. [Kommunalnytt](#) er eit nyheitsbrev om kommune- og fylkesforvaltninga.

Om Regionalnytt

Gitt ut av Regionalpolitisk avdeling i Kommunal- og distriktsdepartementet.

Ansvarleg redaktør: ekspedisjonssjef Kristin Marie Felde. Redaktør: Pål Aam

Abonner på Regionalnytt.

www.regionalnytt.no

E-post: regionalnytt@kdd.dep.no



KONTAKT

Kommunal- og distriktsdepartementet

Postadresse:

Postboks 8112 Dep

0032 Oslo

Sentralbord 22 24 90 90

Vil du endre på måten du mottar disse epostene?

[Meld deg av her](#)

This email was sent to <<E-postadresse>>

[why did I get this?](#) [unsubscribe from this list](#) [update subscription preferences](#)
Kommunal- og distriktsdepartementet · Akersgata 59 · Oslo, Norge 0032 · Norway